



Statens vegvesen

Notat

Til: Kåre Olav Aldal
Frå: Harald Hauso
Kopi:

Sakshandsamar/innvalsnr:
Harald Hauso - 55516830
Vår dato: 13.03.2014
Vår referanse: 2014/031088-001

Fv 345, skred, Almelibotn, Mo-Steinsland

1. Innleiing

23.02.2014 gjekk det eit jordskred ved Almelibotn. 11.03.2014 var Harald Hauso i frå Geo- og Skredseksjonen, byggeleiar på drift og vedlikehald Kåre Olav Aldal, og vegmester Jostein Lien på synfaring. ÅDT er i NVDB oppgitt å vere 400.

2. Situasjon

Ca 80 m over vegbana har det losna eit jordskred. Skredet var om lag 10 - 15 m breidt ved veggnivå. Skredløpet er utforma slik at det er ca 45 grader bratt opp til midt i skredløpet, deretter er det ca 30-35 grader før det er noko brattare øvst i skredløpet.

Det ligg ein del stein i jorda som ligg i skredløpet over. Stein og blokk i skredløpet er i stor grad hellestein. Mange av desse ligg relativt godt i jordmassane, men det ligg og noko laus stein som lett kan verte vaska ut ved store nedbørsmengder.

3. Tiltak

Ein bør gå over nedre halvdel i skredløpet og ta ned openbare laus stein og blokker. Det vil seie i frå litt over «knekken» i profilet og ned mot vegen (figur 1). Det er derimot viktig å ikkje grapse i massane sidan dette ikkje har nokon hensikt. Arbeidsomfanget vil altså bestå av at eit par mann går over området og «sparkar» ned lause steinar. Dette vil kunne utførast i løpet av nokre timar. Arbeidet bør gjerast før muren vert reparert.

Muren som skal reparerast kan, som føreslege av entreprenør, etablerast med litt ekstra høgde i bakkant (1m) for å fange opp stein og mindre blokker som kjem på gli. Dette vil truleg ha god effekt.



Figur 1. Nedre del av skredløpet. Ein kan gå over nedre del av skredløpet for å sparke ned laus stein. Pilene indikerer omtrentleg start.